

SESONGEN 1988-89



ÅRSMELDING

FOR

BERGSØY IL

HANDBALLGRUPPA

1988 - 1989

STYRET

Handballgruppa har i sesongen 1988/89 hatt dette styret:

Bodil Notøy	leiar
Terje Krogset	nestleiar
Stig Vestnes	kasserar
Astrid Jensen	sekr.
Kato Koteng	styremedl.
Unni Notøy	"
Olga Selvåg	"
Bente Yndestad	varamedl.
Asbjørg Moen	"

I sesongen 1988/89 har styret hatt 10 møte.
Tilsaman har styret handsama 45 saker.

MÅLSETJING

Handballgruppa har også denne sesongen hatt ei sportsleg og ei økonomisk målsetjing å arbeide etter. På den sportslege sida har vi tre primærmål. For det første satsar vi på at herrelaget beheld plassen sin i 3. divisjon. Dette er viktig for at laget skal kunne halde fast på den spelarstallen vi har i dag.

For det andre har vi som mål at damelaget rykker opp i 4. divisjon. Etter 2. plass på tabellen denne sesongen skulle det vere realistisk.

Elles har vi som mål generelt å bygge vidare ut det sportslege nivået i klubben. Trenarforum, dommarforum og kurs er sentrale faktorar her. I løpet av komande sesong bør fleire trenarar ta B-rekka og få Trenar 2 - kompetanse. Elles har vi meldt dommarpar opp til kretsdommargrad.

Den økonomiske målsetjinga i gruppa er balanse i rekneskapen. Gruppa arbeider bevisst for å skaffe seg inntekter som kan dekkje dei reelle utgiftene, og vi ser det som særskild viktig å kunne utføre arbeidet vårt på ein økonomisk forsvarleg måte.

SERIEN

Handballgruppa hadde 10 lag med i serien denne sesongen. J12 og J14 vart begge delte opp i A og B lag. G12 var og ei svært stor gruppe, med heile 30 aktive spelarar. Desse vart ikkje delte opp, då kretsen berre hadde ein pulje i denne gruppa. Dessytan har vi hatt rundt 30 jenter og gutar i alderen 8-10 år, som ikkje har vore med i serien, men teke del i minihandballoppet vårt.

Herrelaget vann 4. divisjon, avd. 10, og laget rykte dermed opp i 3. divisjon. Det er første gong BIL har hatt handballlag i denne divisjonen. På Sunnmøre elles er det no 4 lag på

herresida som spelar handball i 3. divisjon.

Damelaget vann 10 av 12 spelte kampar i serien. Dette heldt likevel ikkje til opprykk, og laget måtte nøye seg med ein 2. plass på tabellen i 5. divisjon.

Andre resultat: J12A, J12B og G16 fekk alle ein 3. plass på serietabellen.

SPORTSLEGE ARRANGEMENT

Handballgruppa har hatt ein aktiv sportsleg sesong, og gruppa har sjølv arrangert 3 cupar, 2 seniorcupar og ein cup for aldersbestemte lag.

Sommarcup-89 er ein ny seniorcup som vi arrangerte for første gong, 23. og 24. juni. Det deltok 6 herrelag og 8 damelag, og fleire av dei høgste dommarpara på Sunnmøre var inviterte til å dømme. Særs gledeleg var det at den nye turneringa vår fekk langvegsfarande gjester, St. Hanshaugen sitt 3. divisjonslag herrar frå Oslo.

Ringn v vann herreklassen, og Spjelkavik vann dameklassen.

19. og 20. august arrangerte vi Sparebankcup for 4. gong. Dette er ei turnering for aldersbestemte lag, gutar og jenter i alderen 14-16 år.

15 lag deltok, 12 jentelag og berre 3 gutelag.

I år var påmeldinga heller lita, og grunnen til det var at turneringa vart arrangert for tidleg. Vi mista vår faste turneringsdato denne sesongen, grunna ein del ugreie med arrangementstildelingar frå kretsen si side.

Bergsøy vann J14 år, Spjelkavik vann J16 år og G16 år.

Bergsøy G-sportcup vart avvikla for 13. gong dette året. Turneringa var som vanleg i månadsskiftet august/september. 18 lag var påmelde, 10 damelag og 8 herrelag. God oppslutning om denne cupen, vi hadde gjester frå både Trøndelag og Nordmøre. Bergsøycup vart denne gongen sponsa av G-sport, som ga cupen nytt namn. Spjelkavik vann dameklassen og Volda vann herreklassen.

DELTAKING PÅ TURNERINGAR

Dette å reise på cup er populært, og kvart år er det vanleg at både seniorlaga og dei aldersbestemte laga deltek på ein eller to cupar. Turneringsspel er utviklande for laga, både sportsleg og sosialt.

Minispelarane har vore med på to turneringar, i Ulsteinhallen og på Godøya.

På Rolloncup, Sunnmøre si største handballturnering, 22. og 23. april, deltok vi med J16, G16 og J18.

Dei yngste damespelarane våre, J18, gjorde det svært bra. Dei kom til finalen, men tapte og enda på 2. plass.

Vi var på Strandacup, første del av april. Desse laga var med: J14A, J14B og G14.

27. og 28. mai reiste vi på Spjelkavikcup med heile 8 lag, J12 A/B, J14 A/B, G12 A/B, G14 og G16. Vi hadde dessutan fleire dommarar som og deltok på denne turneringa.

På Rosecupen på Molde, 10. og 11. juni, deltok vi med to lag, J16 og G18.

G18 kom til finalen, men enda her på 2. plass.

Også på denne cupen deltok vi med fleire dommarar.

Vi har elles vore på to seniorcupar.

Damelaget reiste på Heimdalcup, 10. og 11. juni.

Elles deltok både herrelaget og damelaget på Spjelkavik sin seniorcup, siste helga i august.

ANNAN SPORTSLEG DELTAKING

Herrelaget har vore i Sandefjord på treningsleir, saman med trenar Asbjørn Kilsti. Leiren skulle vere treningsoppstart framfor laget sin seriedebut i 3. divisjon.

Bergsøyspelarar har også markert seg innan krets- og landslags-samlingar i år.

Vi har hatt to jenter 14/16 år med på kretslagssamlingar denne sesongen. Det er Anniken Rønnestad og Maria Remøy.

Anniken er no komen fast med på kretslaget J16, sesongen 1989/90.

Hvard Notøy og Asbjørn Leinebø har vore på juniorlandslagssamling i Trondheim, 7. og 8. oktober. Dette var nok ei svært spennande og lærerik oppleving for dei unge juniorspelarane.

KURSDELTAKING SESONGEN 1988/89

14 personar har gjennomført A-3 kurs (dommarkurs).

9 " " " A-2 kurs

7 " " vore på impulssamling v/ juniorlandslagstrenar Roy Johnsen

19 " " " " kurs med Ivica Rimanic

1 " " " " målvaktkurs i Trondheim

Trenarsituasjonen er bra, men ikkje heilt tilfredsstillande.

Det hadde vore ynskjeleg at fleire "eldre" handballspelarar med trenarutdanning framleis var aktive i gruppa.

Seniorspelarane våre blir hardt belasta, når dei både skal stille som trenarar og dommarar, ved sidan av å vere aktive spelarar.

Som tidlegare nemnt er satsing på trenarar/dommarar eit av gruppa sine delmål. Gruppa bør arbeide meir systematisk for å gjere trenar/dommar-statusen meir attraktiv, slik at "eldre" trenarar blir i klubben.

I sesongen 1988/89 kunne vi stille med heile 13 dommarar/dommar-aspirantar.

Dommarsituasjonen ser god ut, vi reknar med å kunne få eitt eller to dommarpar opp til kretsdommargrad i løpet av den komande sesongen.

ØKONOMI

Gruppa har hatt ein variabel økonomi gjennom sesongen. Framfor den nye sesongen 1989/90 har vi god balanse i rekneskapen. Frå seriestart i 3. divisjon har vi hatt uventa stor publikumsoppslutning på herrekampane. Dette har gitt oss auka kamparrangementinntekter.

Ved sal av fast reklame i Herøyhallen, har vi fått dekt kostnadene på det nye halluret til 40.000 kr. Halluret vart teke i bruk under Sommarcup-89, den nye seniorcupen vår, i medio juni.

Av nye inntekter elles har vi fått sponsa draktreklame på spele-draktene til både damelaget og herrelaget.

Inntektene våre elles denne sesongen:

Handballens Dag, 2 moteframsyningar, Sommarcup, Bergsøy G-sportcup, Sparebankcup m. diskotek, handballprogrammet, lynlotteria, reklame o.l.

Dessutan har handballgruppa sponsoravtale med Sparebanken Møre. Vi viser elles til rekneskapen som skal leggst fram.

FORELDREFOREINING

Ny foreldreforeining vart vald i september 1989.

Ho fekk denne samansetjinga:

Eldbjørg Eggesbø	leiar	(attvald)
Jorunn Kvalsund	nestleiar	(")
Kristin Leine	sekr.	(ny)
Guri Djupvik	styremedl.	(")
Signe Nysäter	"	(")
Linda Voldsund	"	(")
Ellen Voldsund	"	(")

Foreldreforeininga har vore med under dei fleste store arrangementa. Vi reknar med at det nye foreldrestyret blir like aktivt som det som gjekk av.

KRETSSTYRE

Bergsøy har med sine 11 lag i sesongen 1989/90, blitt ein av dei store handballklubbane på Sunnmøre. Vi synest det er positivt for gruppa at vi har fått innvald ein kretsstyrerepresentant i Sunnmøre Handballkrets. Jorunn Aasen vart vald inn i styret på kretstinget i mai-89. Ho er godt kjend i Herøy for innsatsen sin i handballgruppa gjennom mange år.

Vi ynskjer henne lukke til med arbeidet hennar i Sunnmøre Handballkrets.

Styret i handballgruppa for 1988/89 vil rette ei stor takk til alle aktive spelarar, trenarar, dommarar, oppmenn, foreldre-styret, foreldre, sjåførar og andre som har hjelpt til , for den innsatsen dei har gjort denne sesongen.

Vi vil også takke Herøy kommune og begge skulane i området for den velvilje som er vist oss med hensyn til utlån av lokale m.m.

Ei stor takk til Herøy kulturhus og dei ansette der, for godt samarbeid sesongen 1988/89.

Elles vil vi rette ei stor takk til forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes for eit svært godtog positivt samarbeid. Ei stor takk til bankane og næringslivet elles for godt samarbeid. Dei har alle vore gode støttespelarar ved annonsesponsing, draktsponsing, kjøp av hallreklame og ikkje minst ved vår gevinsttiggning.

Til slutt vil vi rette ei ekstra stor takk til heimepublikumet vårt. Vi har ein fast og trufast gjeng som møter opp på dei fleste heimekampane våre!

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lukke til med arbeidet vidare.

Fosnavåg, den 8.november 1989

Bodil Notøy
leiar

Astrid Jensen
sekr.

SERIERESULTAT SESONGEN 1988/89

HERRER 4. DIV. AVD. 10:

1. Bergsøy	16	13	2	1	427-292	28
2. Gloppen	16	13	2	1	371-304	28
3. Kristiansund	16	10	2	4	341-307	22
4. Ørsta	16	6	4	6	347-325	16
5. Molde	16	6	3	7	340-369	15
6. Ringen	16	4	2	10	338-380	10
7. Valder	16	4	1	11	348-414	9
8. Rollon	16	4	0	12	308-367	8
9. Brattvåg	16	3	2	11	318-380	8

Opprykk til 3. divisjon: Bergsøy, Gloppen.

Trenar: Asbjørn Kilsti og Stig Vestnes

GUTTER 16 ÅR:

1. Stranda	14	13	1	0	335-207	27
2. Spjelkavik	14	8	1	5	260-227	17
3. Bergsøy	14	8	0	6	299-260	16
4. Ørsta	14	8	0	6	300-280	16
5. Brattvåg	14	8	0	6	290-271	16
6. Valder	14	4	0	10	239-299	8
7. Rollon	14	4	0	10	213-274	8
8. Volda	14	2	0	12	248-366	4

Kretsmester: Stranda.

Trenar: Janny Krogset

GUTTER 14 ÅR:

1. Stranda	14	14	0	0	334-119	28
2. Langevåg	14	12	0	2	273-204	24
3. Brattvåg	14	8	0	6	233-189	16
4. Spjelkavik	14	7	2	5	216-218	16
5. Volda	14	5	1	8	180-230	11
6. Ørsta	14	5	0	9	196-214	10
7. Bergsøy	14	3	1	10	148-216	7
8. Rollon	14	0	0	14	118-308	0

Kretsmester: Stranda.

Trenar: Nils Chr. Nørvåg

GUTTER 12 ÅR:

1. Langevåg	16	15	0	0	328-123	31
2. Brattvåg	16	14	1	1	224-144	29
3. Stranda	16	9	6	6	219-177	19
4. Spjelkavik	16	9	7	7	203-188	18
5. Bergsøy	16	6	7	7	168-209	15
6. Ringen	16	4	9	9	132-215	11
7. Rollon	16	5	11	11	129-166	10
8. Ørsta	16	4	11	11	157-201	9
9. Volda	16	1	15	15	111-248	2

Avdelingsvinner: Langevåg.

Trenar: Per Arve Kvalsund og Håvard Notøy

MINIHANDBALL

Trenar: Berit Aasen og Reidun Skjelsvik
June Eggesbø og John Håvard Vike

DAMER 5. DIVISJON:

1.	Hødd	12	12	0	0	269-114	24
2.	Bergsøy	12	10	0	2	248-127	20
3.	Valder	12	9	0	3	213-136	18
4.	Godøy	12	8	0	4	189-139	16
5.	Ørsta	12	8	0	4	188-147	16
6.	Skarbøvik	12	8	0	4	194-184	16
7.	Mauseidvåg B	12	6	0	6	154-165	16
8.	Sæbø	12	6	0	6	137-148	12
9.	Hovdebygda B	12	5	0	7	162-208	10
10.	Larsnes	12	3	0	9	150-236	6
11.	Norborg	12	2	0	10	172-249	4
12.	Fiskerstrand	12	1	0	11	135-257	2
13.	Blindheim	12	1	0	11	91-203	2

Kretsmester og opprykk til 4. divisjon: Hødd.

Trenar: Bjarne Pettersen

PIKER 16 ÅR AVD. B:

1.	Skarbøvik	16	15	0	1	273-132	30
2.	Mauseidvåg	16	12	1	3	245-166	25
3.	Rollon	16	10	0	6	206-184	20
4.	Fiskerstrand	16	9	0	7	238-191	18
5.	Stranda	16	7	1	8	213-204	15
6.	Spjelkavik B	16	7	1	8	170-221	15
7.	Bergsøy	16	6	0	10	202-223	12
8.	Volda	16	3	1	12	185-283	7
9.	Sæbø	16	1	0	15	154-282	2

Avdelingsvinner: Skarbøvik.

Trenar: Ronny Koteng og Terje Kvalsund

PIKER 14 ÅR AVD. A:

1.	Spjelkavik	12	10	1	1	217- 70	21
2.	Stranda B	12	9	1	2	187-111	19
3.	Skarbøvik	12	8	2	2	188- 89	18
4.	Bergsøy	12	7	0	5	146- 99	14
5.	Valder	12	3	0	9	88-164	6
6.	Rollon B	12	2	0	10	67-218	4
7.	Godøy	12	1	0	11	70-212	2

Kretsmester: Spjelkavik.

Trenar: Ann Kath. Myklebust og Roald Johansen

PIKER 14 ÅR AVD. B:

1.	Ørsta	18	16	1	1	267-135	33
2.	Hødd	18	15	2	1	196-100	32
3.	Langevåg	18	11	4	3	178-114	26
4.	Hovdebygda	18	10	3	5	202-139	23
5.	Bergsøy B	18	10	1	7	140-147	21
6.	Mauseidvåg	18	7	2	9	128-149	16
7.	Blindheim	18	3	2	13	94-149	8
8.	Spjelkavi C	18	3	2	13	73-180	8
9.	Skarbøvik B	18	3	1	14	101-180	7
10.	Fiskerstrand	18	3	0	15	79-165	6

Avdelingsvinner: Ørsta.

Trenar: Maria Nilsen og Nina Jren Olsen

PIKER 12 ÅR AVD. B:

1.	Langevåg	18	17	1	0	363-105	35
2.	Sæbø	18	16	1	1	322-111	33
3.	Bergsøy	18	12	1	5	223-178	25
4.	Spjelkavi B	18	10	0	7	222-171	21
5.	Larsnes	18	9	0	9	260-259	18
6.	Skarbøvik	18	9	0	9	135-177	18
7.	Spjelkavi C	18	6	1	12	121-203	12
8.	Hødd	18	4	1	13	115-200	9
9.	Volde	18	2	0	15	81-259	5
10.	Mauseidvåg	18	2		16	97-276	4

Avdelingsvinner: Langevåg.

Trenar: Ruth Frøystad

PIKER 12 ÅR AVD. C:

1.	Ørsta	18	18	0	0	394- 89	36
2.	Stranda	18	15	0	3	272-127	30
3.	Bergsøy B	18	13	1	4	238-168	25
4.	Herd	18	8	2	8	210-170	18
5.	Hovdebygda B	18	8	1	9	153-158	17
6.	Fiskerstrand	18	7	2	9	174-176	16
7.	Sæbø B	18	8	0	10	147-151	16
8.	Mork	18	7	2	9	168-179	16
9.	Blindheim	18	1	1	15	84-255	3
10.	Valder B	18	0	1	16	54-229	1

Avdelingsvinner: Ørsta.

Trenar: Siv Jensen og Asbjørn Leinebø